

## Verneplan for skog

### Tilråding om vern av Mosnapp naturreservat i Fyresdal kommune



*Høgstaudevegetasjon innenfor verneforslaget. Foto: J.G. Brynjulvsrud*

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark fylke  
Januar 2021**

## INNHALD

1. Framlegg.....	side 3
2. Heimel.....	side 3
3. Verneverdiar.....	side 4
4. Andre interesser.....	side 5
5. Trugslar mot verneverdiane.....	side 5
6. Sakshandsaming.....	side 5
7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen.....	side 6
8. Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar.....	side 6
9. Lokal og sentral høyring.....	side 7
9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring.....	side 7
9.2. Generelle merknader til forskrift ved lokal og sentral høyring.....	side 7
9.3. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene.....	side 7
9.4. Merknader til det føreslegne området.....	side 7
9.5. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området.....	side 9

### **Vedlegg**

1. Framlegg til forskrift for Mosnapp naturreservat
2. Framlegg til avgrensing av Mosnapp naturreservat (eige kartvedlegg)

## 1. Framlegg

Statsforvaltaren gjer med dette framlegg om vern av skog i privat eige i Fyresdal kommune i Vestfold og Telemark fylke. Framlegget til vern er tufta på ordninga med friviljug vern av skog.

Området det gjeld er Mosnapp naturreservat i Fyresdal kommune. Det er seks grunneigarar som har kome med tilbod om friviljug vern av ca. 3543 daa skog. Området har fått lokal verdi (\*) i samband med registrering av biologiske verdier. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark meiner at ein meir riktig verdi er lokal/regional (\*\*/\*) på bakgrunn av tilleggskunnskap om området.

## 2. Heimel

Området vil bli verna som naturreservat med heimel i lov av 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). I lova er det i §§ 35 til 39 gjeve heimel for ulike vernekategoriar. Generelle mål for områdevern fylgjer av naturmangfoldloven sin § 33. Føremålet med det einskilde verneområdet må likevel skildrast konkret og knytast opp mot vilkåra som gjeld for den einskilde vernekategorien i §§ 36 og 37. Naturreservat er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter naturmangfoldloven sin § 37, som lyder slik:

*”Som naturreservat kan vernes områder som:*

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*

*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdetets skjøtsel.”*

### **Vurdering i høve til naturmangfoldloven kap. II**

Med omsyn til kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8 i nml.), så ligg det føre god dokumentasjon av arter og naturtypar i området, jf. omtala i kap. 3 Verneverdier. Restriksjonane på inngrep og tiltak som verneføresegna regulerer vil taka vare på verneverdiane, og den bruken som

vert tillate vidareført vil ha liten negativ verknad på dei. På bakgrunn av det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er vår vurdering difor at effekten av vernet på verneverdiane og naturmangfaldet i sum vil vera positiv. Ut frå denne konklusjonen ser vi det ikkje som naudsynt å gå nærare inn på prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12.

### 3. Verneverdiar

Innafor avgrensa verneverdig areal dominerer fattig homogen vegetasjon, ein finn difor ein relativt einsarta karplanteflora. I dei sørlege lisdene er det likevel parti med rikare vegetasjon, og ein del basekrevjande artar som tysbast, breiflangre, taggbregne og kransmynte finst i desse områda. Dei rikaste områda er i hovudsak fanga opp i kjerneområde 1. Det vart avgrensa to kjerneområde innafor avgrensa verneverdig område.

Av raudlista artar vart alm *Ulmus glabra* (VU), gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) og svartsoneskjue *Phellinus nigrolimitatus* (NT) påvist. Svartsoneskjue og gubbeskjegg er knytt til ein viss grad av kontinuitet, men potensialet for fleire krevjande artar knytt til kontinuitet vurderast som lite som følgje av at kontinuitetsberande element førekjem spreidd i lokaliteten.

Statsforvaltaren kjenner til fleire interessante artar innafor det føreslegne vernearealet. Fleire av desse er raudlista. Det gjeld mellom anna brannstubbela *Carbonicola sp.* (VU) og apollosommerfugl *Parnassius apollo* (NT). Fleire raudlista fugleartar hekkar og anten innafor verneforslaget, eller i nærleiken til det. Det gjeld mellom anna bergirisk (NT; antatt hekkefugl), gjøk (NT; antatt hekkande), gulspurv (NT; antatt hekkande), lirype (NT, hekkefugl), taksvale (NT; hekkar i nedre bergdel innafor verneforslaget), hønsehauk (NT; hekkar truleg i austre del av verneforslaget) og sivspurv (NT). Kongeørn har dei siste åra hatt to kjende reirplassar her og har hekka jamleg opp gjennom åra, seinast i 2017 i et stort reir i furu. Territoriet inngår i den nasjonale intensive overvåkinga av arten i regi av Miljødirektoratet, og hekkeforløp er lagt inn i Rovbasen sidan 2013. Kongeørn er ikkje på raudlista, men er ein interessant art for forvaltninga som ein meiner har ein stabil bestand i fylket.

I området er det og kjend at det har hekka lavskrike. Den er observera i området i hekketida så seint som i 2020. Det er difor truleg at den framleis er etablert som hekkefugl i området. Dette er den vestlegaste kjende førekomsten av arten i fylket. Næraste kjende hekkeførestkomst er i Hjartdal kommune mykje lenger mot aust. Lavskrike er ikkje raudlista, men i ein nyleg publisert artikkel om utbreiinga av arten kjem det fram at den er i tilbakegang i tidlegare viktige leveområde på Austlandet.

Ein annan fugleart som er registrert hekkande innafor verneforslaget er varslar. Hekkefunn av denne er sjeldan i fylket, og det er noko usikkert kor stor hekkebestanden er i Noreg. Varslar er ikkje raudlista (var raudlista i 2010; nær trua).

Mosnapp naturreservat vil oppfylle enkelte manglar i skogvernet mellom anna på grunn av førestkomst av lågurt-granskog, eldre furuskog med død ved element og til dels med brannpåverka parti. Området er vurdert til å vera lokalt/regionalt verneverdig (\*-\*\*).

Verneframlegget er grunna på følgjande rapport:

*Brynjulvsrud J. G. 2019. Naturverdier for lokalitet Ystesund, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2018. NARIN faktaark. BioFokus.*

### **Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av høgareliggande lågurt-granskog og eldre furuskog rik på død ved og til dels med brannpåverka parti.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomst av alm og sjeldne og truga artar av sopp og lav.

Etter Statsforvaltaren si vurdering fyller området dei krava som naturmangfoldloven sin § 37 set for område som kan vernast som naturreservat.

## **4. Andre interesser**

### **Planstatus**

Arealet er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel i Fyresdal.

### **Gamle gruver**

Det er ei nedlagd gruve innafor verneforslaget. Den var i fylgje Direktoratet for mineralforvaltning i drift i fleire periodar i frå 1691 til 1888. Det finnest fleire dagopningar, sjakter og to stoller (skrånande gruvegang) i det aktuelle området.

## **5. Trugslar mot verneverdiane**

Skogsdrift kan i deler av området vera ein trugsel mot verneverdiane. Ferdsel og beiting vert ikkje sett på som nokon trugsel i området i dag.

## **6. Sakshandsaming**

### **Bakgrunn**

Vern av skog har dei siste 15 åra vorte prioritert i verneplanarbeidet i Noreg. Gjennom handsaming av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk og opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei slik opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgja dei faglege råda i rapporten "Evalueringen av skogvernet i Norge", laga av NINA og Skogforsk.

I meldinga blei friviljug vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Friviljug vern tyder at skogeigar(-ane) tilbyr staten vern av eigen skog. Miljøvern-mynda vurderer tilboda og gjer naturfaglege registreringar for å kartleggje verneverdiane. Om det etter ei slik registrering er aktuelt å legge fram eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneføresegn og økonomisk erstatning. Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med

naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneframlegg likevel gjerast før avtale er underteikna.

### **Konkret om området**

Tilbod om friviljug vern for Mosnapp naturreservat vart motteke frå grunneigarane via AT Skog 24. mai og 5. juni 2018. Naturverdiane vart undersøkte i 2018 og vart rapporterte i 2019. Delar av det nordvestre arealet vart ikkje undersøkt.

### **Melding om oppstart**

Formell melding om start på verneplanarbeidet blei sendt 11. juni 2020. Innkomne merknader blei kommentert i høyringsdokumentet.

### **Høyring**

I samsvar med naturmangfoldloven og reglane om sakshandsaming til denne, sendte Statsforvaltaren framlegget til vern ut på høyring 29. september 2020, med frist 25. november 2020. Det vart gjort ei felles lokal og sentral høyring. Det kom inn to fråsegner til lokal høyring og fire fråsegner til sentral høyring.

### **Vidare saksgang**

Statsforvaltaren sender, på bakgrunn av høyringsdokumentet og innkomne fråsegner, tilråding om vern til Miljødirektoratet. Til vanleg vil det på dette tidspunktet i verneprosessen vera gjennomført forhandlingar og underskrive avtaler med grunneigarane. Miljødirektoratet legg saka fram for Klima- og miljødepartementet, som deretter vil førebu saka og gjera framlegg om vernevedtak for Kongen i statsråd. Etter vernevedtak ved kgl. res. vil erstatninga i tråd med underskrivne avtaler bli betalt ut av Miljødirektoratet. Statsforvaltaren får etter det normalt i oppdrag å gjera vedtaket kjent lokalt og sørge for at naturreservatet blir forsvarleg merka og skilta. Dette vert vanlegvis gjort ved at Statsforvaltaren ber om grensegang ved jordskifteretten, i dette høvet vil det bli ved Øvre Telemark jordskifterett.

## **7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen**

Ved oppstart av verneprosess vart området kalla Ystesund. Språkrådet meinte at namnet Mosnapp ville vere meir dekkande for området og dette vart då brukt i høyringa. Det vert ikkje gjort framlegg om endring av namn under høyringa.

Ved oppstart vart det på grunn av ei misforståing sendt ut eit kart som ikkje tok med alt areal som det kom tilbod på. Det vart endra til høyringa, slik at heile tilbodsområdet vart høyrd på.

## **8. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar**

Det er etter Statsforvaltaren si vurdering ikkje trong for forvaltingsplan for dette området. Vern av arealet vil ikkje føre med seg stor trong for oppsyn.

## **9. Lokal og sentral høyring**

Verneplanen vart sendt på lokal høyring til grunneigarar, Fyresdal kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, og til følgjande brukarorganisasjonar, regionale statlege etatar, næringsinteresser og lokale interesseorganisasjonar:

Fyresdal Skogeierlag, Fyresdal Jeger og Fiskarlag, Fyresdal Turlag, Vest-Telemark lokallag av Norges Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Hjartdal Elverk, Vest-Telemark Kraftlag, Forum for Natur og Friluftsliv Telemark, Grenland Friluftsråd, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Norsk Ornitologisk foreining, avd. Telemark, Notodden Energi, Telemark Turistforening, Telemark Orienteringskrets, Tinn Energi, Statens vegvesen Region sør, Statskog SF Kongsberg, Skagerak Energi AS, Skagerak Nett, Telenor Servicesenter for nettutbygging, Telemark Botaniske foreining og Telemark Sau og Geit.

Verneplanen vart sendt på sentral høyring til:

AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Institutt for biovitenskap - Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NORSKOG, NSB hovedadm., NTNU Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU Ringve botaniske have, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Språkrådet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, WWF-Norge.

## **9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring**

### Lokal og sentral høyring

Ingen merknader.

## **9.2. Generelle merknader til forskriftene ved lokal og sentral høyring**

### Lokal og sentral høyring

NJFF Telemark (brev dagsett 23.11.2020) uttaler følgjande:

*«Så langt vi kan se, ivaretar forslaget til verneplan for begge naturreservatene i hovedsak NJFF Telemark sine interesser. Vi har likevel et par innvendinger til forslagene. Våre forslag gjelder begge verneforskriftene, samt at de er ment som et generelt forslag til andre, kommende verneforskrifter i fremtiden.*

*- §4d: NJFF Telemark ønsker at «midlertidige, mobile jakttårn» bør være tillatt til jakt på alle arter.*

*- Se på en sammenslåing av §4c og §4e, med et tillegg. F.eks.*

*«§4c. Jakt, fangst, felling, fiske og annet uttak av vilt og fisk etter enhver tid gjeldende lovverk.»*

*Fiske er ikke veldig aktuelt akkurat for disse naturreservatene, men fordi vi som nevnt også ser på dette endringsforslaget som et forslag til en generell endring av paragrafen (som kan brukes også i fremtidige verneforskrifter) nevnes det her.»*

### **9.3. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene** **Lokal og sentral høyring**

Når det gjeld uttalen frå NJFF Telemark med framlegg om endring av føresegna så held Statsforvaltaren seg til dei gjeldande standardformuleringane for føresegner som Miljødirektoratet har utarbeidd. Det er opp til Miljødirektoratet om framlegget må vurderast nærare av Miljødirektoratet.

NJFF peikar på at fiske er lite aktuelt i Mosnapp naturreservat. Under høyringa var fiske tatt inn i § 7 a (*tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk*). I tilrådinga endrar vi føresegna på dette punktet slik at den lyder «*tiltak i samband med forvaltning av vilt.*»

### **9.4. Merknader til det føreslegne området**

#### **Lokal høyring**

Bø Bondelag (e-post dagsett 15.10.2020) har ingen merknader.

#### **Sentral høyring**

Riksantikvaren (e-post dagsett 30.09.2020) uttaler følgjande:

*«Vi viser til høyring av planer for frivillig skogvern for Mosnapp naturreservat i Fyresdal og Barlinddalen naturreservat i Midt-Telemark kommune.*

*Fylkeskommunen, som og er på høyringslista, er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker. Riksantikvaren viser til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar derfor ikkje saka.»*

Bane NOR SF (brev dagsett 02.10.2020) har ingen merknader.

Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE (brev dagsett 19.10.2020) uttaler følgjande:

*«Vi viser til høyring av verneplan for Mosnapp naturreservat i Fyresdal kommune og Barlinddalen naturreservat i Midt-Telemark kommune. Verneområdene er på henholdsvis 3 542,6 dekar og 848 dekar.*

*NVE har sett gjennom meldingen for det foreslåtte verneområdet med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m. Med unntak av nettanlegg har vi ingen merknader til verneforslagene.*

*Vi gjør oppmerksom på at det ligger en 22kV distribusjonslinje nær vernegrensen til Mosnapp naturreservat i sør. NVE har generelt ikke kjennskap til nettselskapenes planer for distribusjonsnett, og vi forutsetter at områdekonsesjonæren Vest-Telemark kraftlag AS kommenterer eventuelle konflikter med egne anlegg og fremtidige planer i Mosnapp naturreservat.*



Så langt vi kjenner til er det ingen konflikter knyttet til energi- og vassdragsinteresser i Barlinddalen naturreservat. NVE forventer at områdekonsesjonæren Midt-Telemark energi AS uttaler seg om eventuelle konflikter med eksisterende og fremtidige nettplaner.

I oppstartsmeldingen ble det nevnt at Vest-Telemark kraftlag og Midt-Telemark energi burde inkluderes i høringslisten. NVE kan ikke se at dette er blitt gjort, og vi ber derfor om at nettselskapene kommer på mottakerlisten. Tilsvarende ser vi at Statnett er på høringslisten, og er positive til det.»

Direktoratet for mineralforvaltning, DMF (brev dagsett 09.22.2020) uttaler følgende: «...DMF har gått gjennom verneforslaga, og gir følgende innspel og tilråding:


Mosnapp, Fyresdal kommune

Vi visar til vår uttale 22.07.2020 for Ystesund. Vestlig utviding av verneområde for Mosnapp gjer at førekomstområde Hattan1 ligg innafor avgrensinga. Førekomsten inneheld i følgje NGUs registreringar basemetaller med hovudvekt på kobbar. Førekomsten er registrert til å ha lite viktighet.

Utdrag frå NGUs opplysningar om førekomsten:

Forekomsten består av en ca. 8 m lang dagskjæring på toppen av en mindre rygg, ca. 1,5 km sørvest for Mosnapp gruve. (..) I østnordøst finnes en eldre, grunn (opptil 1 m dyp) grøft som er drevet med fyrsetting, og som er ytterligere utsprengt til opptil 2,5 meters dyp vestsørvest i skjæringa. Mindre sprengninger er gjort ytterligere 3-4 steder på den store blotningen omkring skjerpet.

Skjæringa kan tydelig sjåast frå ortofoto:



Figur 1 Registrering av førekomstområde Hattan (rødt – skjæring/åpning), turkis linje er ny avgrensing av verneområde, blå er tidligere meldt avgrensing.

DMF har ingen informasjon om at det er interesser knytt til førekomsten. Det bør likevel inngå i vurderinga for det utvida verneområdet, om det er naudsynt at det kan opnås for inngrep i form av sikringstiltak.

...»

### **9.5. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området**

Mindre språklege endringar og rettingar i forskriftene vert ikkje kommentert nærare. Større endringar og tilføyingar er vist i kursiv.

Når det gjeld uttalen frå NVE så har høyringsdokumenta vorte sendt til dei lokale energiselskapa dei bad om. Det har ikkje kome inn uttale frå nokon av dei.

I uttalen frå DMF vert det peika på at det har vore gamal gruveaktivitet innafor verneforslaget (gnr./bnr. 80/1). DMF har framlegg om at ein må vurdere sikringstiltak her. Det er teke inn eit punkt om dette i føresegna, jf. § 7 j.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen rår til at Mosnapp naturreservat vert verna med dei endringane som her er gjort greie for når det gjeld verneforskrift. Avgrensing blir som vist i høyringa. Sjå vedlegg med føresegn og eige vedlegg for vernegrenser.

## Vedlegg 1.

### Forskrift om vern av Mosnapp naturreservat i Fyresdal kommune i Vestfold og Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon .... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

#### § 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av førekomst av høgareliggende lågurt-granskog og eldre furuskog rik på død ved og til dels med brannpåverka parti.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

#### § 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Fyresdal kommune: 75/3 og 4, 78/3, 78/4, 80/1, 81/2, 81/4.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 3543 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Fyresdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### § 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

#### **§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Beiting.
- c. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt.
- e. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f. Forsiktig rydding av små buskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- g. Utsetjing av saltsteinar.
- h. Brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller ved ein har tatt med, i samsvar med gjeldande lovverk.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest utanfor eksisterande stigar er forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Tiltak i samband med forvaltning av vilt.
- b. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar og gamle ferdselsvegar.
- c. Hogst av etablerte plantefelt.
- d. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 d.
- f. Mellombels gjerding i samband med beiting.
- g. Øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- h. Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt § 6 andre ledd b.
- i. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 g og § 7 a, c, d og f.
- j. Sikring av gruveopningar på gnr./bnr. 80/1.

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

**§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

**§ 10. (forvaltingsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11. (forvaltingsstyremakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

**§ 12. (iverksetjing)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.